

**Fylkesstyret:**

| Namn                                   | Verv            | Oppmøte            | Mobil    | E-post                             |
|--|-----------------|--------------------|----------|------------------------------------|
| Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide        | Leiar           | Møtt               | 95264979 | inge.karlsvik@mimer.no             |
| Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva     | Nestleiar       | Møtt               | 48111549 | birgitkj@online.no                 |
| Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka      | Styremedlem     | Møtt               | 90156039 | anne.katrine@hansgarden.no         |
| Hans Frafjord, 6390 Vestnes            | Styremedlem     | Møtt               | 41518991 | hfrac@broadpark.no                 |
| Audun Skjervøy, 6210 Valldal           | Styremedlem     | Møtt               | 99579175 | audun@storstova.no                 |
| Arne Rekkedal, 6165 Sæbø               | 1. vara         | Møtt               | 99649978 | arne.rekkedal@tussa.com            |
| Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal | Fylkesleiar BKL | Møtt               | 95856643 | solveig@linge.bz                   |
| Kari Haugen, Nygata 10, 6002 Ålesund   | Fylkesleiar BU  | Forfall            | 97171623 | haugenkari@live.no                 |
| Janne Mork, 6530 Averøy                | 2. vara         | Møtt               | 90030329 | janne.mork@svorka.net              |
| Petter Melchior, 6214 Norddal          | 3. vara         | Meldt forf.        | 92283477 | petter.melchior@c2i.net            |
| <b>Sekretariatet:</b>                  |                 | <b>Tlf. arbeid</b> |          |                                    |
| Gunnar K. Wentzel,                     | org.-sjef       | 71202897           | 90729582 | gunnar.wentzel@bondelaget.no       |
| Arild Erlien                           | org.-konsulent  | 71202895           | 99726399 | arild.erlien@bondelaget.no         |
| Atle Frantzen                          | org.-konsulent  | 71202894           |          | atle.frantzen@bondelaget.no        |
| Anne Turid Myrbostad                   | sekretær        | 71202890           | 95944610 | anne.turid.myrbostad@bondelaget.no |

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 19. mars 2010 kl. 10.30 på Felleskjøpets møterom i Molde

Leiaren Inge Martin Karlsvik ønskte det nye styret velkomen og så fram til arbeidet. Vemodig å avslutte det gode samarbeidet med Arne Magnus Aasen.

**Presentasjonsrunde:**

**Inge Martin Karlsvik:** Frå 60.000 ltr til i praksis kvoteleige på 400.000 ltr. I nytt fjøs vår 2008. Starta med sau for å nytte gamalt bygg og beite. Har før dyrka 100 daa korn til eige før. Sambuar. Plan byggje på hus.

Birgit Kjerstad: Skuløy/Flemsøy. Mjølkk med mannen, 200.000 ltr. Gift, 2 vaksne barn utflytta. I kommunestyret for SV.

Audun Skjervøy. Jordbær 30 daa + 20 med nabo gir 40 i arbeid om sommaren. 20 da potet 6 ulike sortar, sel privat. Driv i lag me kona firma grafisk design og språkvask. 3 vaksne og 3 mindre barn heime. Kommunestyret for Norddalslista.

Solveig Linge Stakkestad: Frukt og gartneri på Linge. Gift. 3 vaksne born. Son overteke drifta. Husstellærer i skulen.

Anne Katrine Jensen: 47 gift. 3 barn eldste ute. Kjøpt gard Osmarka økologisk mjølk 400.000 ltr. Nytt lausdrifts-fjøs i 2003, bygger på ferdig i år. Ullmottak Angorakanin sidan 1992 einaste i N-Europa, og kaninskinn. Gardskjøken på kanin. Aksjonær i Klokkargarden på Skaret. Leder i næringsorganisasjonen Norsk kanin.

Janne Mork: Sambuar 2 jenter 2 og 5 år. 35 purker. Smågris og slaktegris. Sivilagronom NLH. Erfaring fiskefor-fabrikk og oppdrettsnæringa. Styret Norsvin. Korpsmusikk.

Arne Rekkedal: Hjørundfjorden. Oppvokst på Ås, overtok farsgarden. Mjølkk samdrift med fem 460.000 ltr og dagleg leiar. Utdanna elektronikk.

Hans Frafjord: Lausdriftsfjøs 190.000 ltr, kjøper nokre oksar. Bygdeservice. Gift 4 barn 20-13 år.

Arild Erlien: Frå gard på Tolga. Høgskoleutdanna. Fylkessekretær Sp. Journalist avisa Fylket. Gift 4 barn.

Gunnar Wentzel: Landbruksskule. Praksis mjølkeprod. Sivilagronom NLH-allsidig jordbruk. Mindre gard i Molde, høy, tidl 20 kviger og 70 daa. 450 daa prod skog. Leiar Molde Skogeierlag. Gift, 3 vaksne barn.

**1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend.

**2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 4. mars 2010**

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 4. mars 2010 godkjend.

**Bondelagets Servicekontor AS**

|   |   |                                |                             |   |
|---|---|--------------------------------|-----------------------------|---|
| <b>Postadresse:</b><br>PB 2047 Moldegård 6402 Molde | <b>Besøksadresse:</b><br>Fannestrandveien 63. Molde | <b>Telefon:</b><br>71 20 28 90 | <b>Mobil:</b><br>907 29 582 | <b>E-postadresse:</b><br>More.romsdal@bondelaget.no |
| <b>Møre og Romsdal Bondelag</b>                     | <b>Org.nr.:</b> 939678670                           | <b>Bankkonto:</b>              | 3980.07.11308               | <b>Internet:</b>                                    |
| <b>Bondelagets Servicekontor AS</b>                 | <b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA                       | <b>Bankkonto:</b>              | 8101.05.91392               | www.bondelaget.no/moreogromsdal                     |

**23.3/2010 Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag – oppsummering og oppfølging**

**Vedlegg:** Protokoll årsmøtet.

**Vedtak:** Styret merker seg dei synspunkta som kom fram i årsmøtet som grunnlag for det vidare arbeidet. Styret er tilfreds med gjennomføringa av årsmøtet.

Tiltak for kvalitet på korn/kraftfôr blir teke vidare i arbeidet i Norges Bondelag.

**30/2010 Gjennomgang retningsliner fylkeslaget. Arbeidsmåte. Arbeidsplan. Budsjett. Møteplan**

**Vedlegg:** Arbeids- og tiltaksplan og Budsjett 2009/2010 (i årsmeldinga) vedteke på årsmøtet.

Retningsliner for fylkeskontora i Norges Bondelag.

Styret gikk gjennom arbeidsmåte, prioritering av arbeidsoppgåver i f.t. arbeidsplanen, budsjett og forholdet til media. Videre instruks for fylkeskontora i Norges Bondelag. Kontoret er tilsett av Norges Bondelag og stilt til rådvelde også for fylkeslaget.

**Vedtak:** Styret vil oppretthalde tidlegare praksis med delegering av ansvar og oppgåver på heile styret. (Jfr. Arbeidsdeling). Føreretnaden er rask rapportering på e-post med nokre stikkord om spesielle saker som er handsama eller reist i møta tilbake til leiar og kontor.

Alle styremedlemene bør på førespurnad delta på møter i lokallaga.

Styret vil prøve i større grad å samarbeide med lokallag om aktivitetar i fylket.

Det er aktuelt å arbeide nærare med at fylkeslaget set opp dato for årsmøte i einsskilte lokallag og med representant for fylkeslaget.

Første vara til styret blir kalla inn. Talspersonar samt leiar i Valnemnda blir kalla inn til ordinært Leiararmøte og Årsmøtet og elles når det er aktuelt.

Ved representasjon til anna enn lokallaga og dei tildelte oppgåver, skal det vere etter avtale med leiar/org sjef. Vidare kan heile styret uttale seg til media om dei saker som er drøfta og det er semje om. Styret er arbeidsorgan for Norges Bondelag og skal fremme våre felles synspunkt. Fordelingsspørsmål og strategi som ikkje er drøfta ligg det til leiar å kommentere.

**31/2010 Informasjonsaksjonen onsdag 14. april – Norsk landbruk meir enn berre låge prisar**

Fylkeslaget tek ansvar for byane og fordelar på styret og sekretariat i samarbeid aktuelle lokallag.

Utdeling ”Bøndernes kundeavis” framfor daglegvarebutikk og eller høgskolane.

Ålesund : Birgit Kjerstad, Audun Skjervøy, Solveig Linge Stakkestad.

Molde : Inge Martin Karlsvik, Anne Katrine Jensen. Kontoret.

Kristiansund : Janne Mork. Fylkeslaget. Averøy Bondelag?

**Miniseminar under FK-veka i Molde 14. April 2010 10.30 – 11.30 Kantineteltet**

Tema som for Aksjonsdagen: Landbruket – meir enn berre låge prisar

Innleiarar : Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal og bonde Oddveig Gikling-Bjørnå. Leiar i Møre og Romsdal Bondelag Inge Martin Karlsvik.

Møteleiar : Styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag Anne Katrine Jensen.

**32/2010 Aksjonsplanar for Møre og Romsdal Bondelag og Norges Bondelag**

**Vedlegg Fortruleg:** Skisse aksjonsplan som er fortruleg og blir ikkje vedlagd protokoll.

Dette kom fram i styret:

Situasjonen er slik at det er vanskeleg å godta ein dårleg avtale.

Ha aksjonar som ikkje er retta mot våre kundar, men dei som har ansvar eller påverknad.

Det er ikkje i nærområdet vi treng aksjonere for der har vi støtte.

Trafikkblokkade lite lyst på.

Planleggje medieoppslag med bilete i lokalaviser for det kan vi få inn.

Byggje alliansar rundt tiltak.

Kan lage trykk framfor Fylkeshuset også med hundre bønder. Visuelt. Bodskap enkelt.

Spontanaksjon ved statens tilbod om det er bønder som blir rasande.

Bruke lokalavisene på staten sitt tilbod.

Kontakt med politikarar under forhandlingane.

**Vedtak:** Aksjonsplanen som er fortruleg blir lagt til grunn for det vidare arbeid med detaljane.

Styret ønskjer å adressere tiltak til styresmaktene og difor er Fylkeshuset meir aktuelt enn traktoraksjon.

Styret ønskjer då å engasjere flest muleg tillitsvalde og medlemmer.

Styret kan kome fram til nye tiltak nærare forhandlingane.

**33/2010 Uttale endring forskrift dyrking av myr**

Vedlegg: Høyringsdokument frå LMD. Uttalefrist til Norges Bondelag er før påske.

Møre og Romsdal Bondelag vil peike på desse forhold til forslaget om endra forskrift for nydyrking:

1. Dersom ein skal kunne halde oppe norsk matproduksjon er det nødvendig med nydyrking. Regjeringa har ikkje nådd sine mål for nedbygging av dyrka jord.

Av tilgjengelege areal for nydyrking utgjer myr ein viktig del.

Folketalet i Norge vil auke med ein million om 20 år.

Framlegget berører heile folket i Norge sin framtidige tilgong til norske landbruksvarer.

2. Departementet tek ikkje med fleire moment som bør vere med i CO<sub>2</sub>-rekneskapet:

- Produksjonen på oppdyrka areal vil til ein viss grad binde CO<sub>2</sub>.

- Den matproduksjonen vi ikkje får gjennomført på nydyrka areal må gjerast ein annan stad, i mange tilfelle utafor Noreg: Utslepp knytt til slik transport er ikkje teke med. Transporten av mat verden rundt bør bli vurdert i karbonrekneskapet. Det er tillate å fly fisk til Kina for filetering. Alternativet til nydyrking kan vere å importere soya og storfekjøt basert på nedbrent regnskog i Brasil. Samtidig blir det opna nye felt på Møreblokken midt i gytefeltet til silda, i Lofoten og i Barentshavet for å produsere meir fossilt drivstoff. Forslaget manglar ein samla miljøvurdering når norsk matproduksjon skal bere børa for CO<sub>2</sub>-kutt.

3. Dyrkbar myr er ein enorm økonomisk ressurs som blir bandlagt. Det kan det skje utan vederlag. Vi ser ingen prinsipiell skilnad mellom å verne barskog og verne dyrkbar myr.

4. Forskingsmiljø må få høve til å vurdere forslaget nærare.

Dagens dyrkingsmetode med omgraving vil i stor grad bevare humuslaget, men nede i djupare jordlag der omdanninga vil bli endra. Dyrking på myr kan vere gunstig, som gulrot- og kålrottdyrking på Smøla med særleg god kvalitet og smak. Forslaget kan få store konsekvensar for torvindustrien og folk flest sitt behov for veksttorv i hage.

**5. Til forskriftene:**

Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta inn klima som eigen faktor i ei rekkje av punkta i forskrifta for nydyrking for å oppnå siktemålet. Paragrafane opnar for svært ulik skjønnspraksis. Det er grunn til å rekne med at avveginga av ulike omsyn kan endre seg raskt over tid. Det må vere tilstrekkeleg med definisjon i ein paragraf.

Til § 1: Her heiter det allereie i dag at det skal takast omsyn til miljøverdiar.

Til §3: Dersom eit dyrka areal er forsumpa som følgje av dårleg drenering, meiner vi det framleis er å karakterisere som dyrka, det vil normalt gå fram av økonomisk kartverk, osv., og dette må ikkje reknast på line med dyrking etter 20 år. Det kan vere at tiltak som reinsking av avskjeringsgrøft eller spyling av grøfter er nok. Vidare er det nytta 30 år andre plassar i same forskrift.

Til §5: Dette framlegget opnar for heilt umuleg skjønnsvurdering. Det meste ein gjer gir klimagassutslipp utan at dette er nedfelt i spesifikke forskrifter.

Til § 6: Nydyrking kan ikkje tillatast på myr, heiter det i forslaget.

Forslaget basert på definisjon av myr i økonomisk kartverk, 30 cm, seier ikkje noko om arealet sitt dyrkingspotensiale, andre verdiar eller klimaeffekt.

Vi viser til høyringsnotatet som seier at det er spesielt viktig å unngå dyrking av djup myr.

Vidare viser vi til at minstearealet for markslag i økonomisk kartverk hovudsakleg er 5 dekar og at dette evt bør bli lagt til grunn også her.

Til § 9: Viser til våre merknader over, endringa er ikkje naudsynt og bør strykast.

**Vedtak:** Møre og Romsdal Bondelag går sterkt mot forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om forbod mot dyrking av myr som er djupare enn 30 cm. Framlegget må avvisast heilt. Vi meiner forslaget er fagleg feil og næringspolitisk uakseptabelt. Alternativt må framlegget utsettast til det er grundigare utgreidd konsekvensar og mulegheiter. Vi vil oversende våre innspel til Norges Bondelag før påske og ta saka opp i media. Vidare samarbeide med Landbruk Nordvest og fylkesmannen om uttale i april med sikte på breiare påverknad utad.

**34/2010 Arbeidsdeling i fylkesstyret**

| Utval / arbeidsorgan / talsperson         | Repr. 2009/2010                             | Sekr.     |
|---|---|-----------|
| Arbeidsutvalet / Mediautvalet             | Leiar, nestleiar, org sjef                  | GW/AE     |
| Ordførar i årsmøtet Norges Bondelag:      | Odd Chr. Stenerud, valt 2005 (vara 03-05)   |           |
| Representantskapet i NB                   | Leiar, vara nestleiar                       | Wentzel   |
| Prosjekt Matmangfold i Landbruk Nordvest  | Arne Magnus Aasen leiar                     |           |
| Landbruksselskapet i M&R                  | Leiar vara n.leiar                          | Wentzel   |
| Grønttalsperson og Medlem Grøntutval Vest | Audun Skjervøy vara Ole Sigbjørn Iversen    | Wentzel   |
| Bygdekvinnelaget                          | Arne Rekkedal vara Hans Frafjord            | Myrbostad |
| Bygdeungdomslaget                         | Anne Katrine Jensen, vara Audun Skjervøy    | Frantzen  |
| Den Norske Matfestivalen, Ålesund         | Jørgen Holte (Solveig L Stakkestad for BKL) | Erlien    |
| EU - NTEU talsperson                      | Audun Skjervøy                              | Wentzel   |
| Samarbeidsutval Gjensidige                | Leiar, org sjef                             | Wentzel   |
| Styret Innovasjon Norge                   | Anne Katrine Jensen                         | Wentzel   |
| Rovdyrtalsperson - Rovviltutvalet fylket  | Oddvar Tynes, vara: Wentzel                 | Wentzel   |
| Økologisk landbruk – talsperson           | Anne Katrine Jensen                         | Frantzen  |
| Kulturlandskapsgruppa LA                  | Inge Martin Karlsvik vara Birgit Kjerstad   | Erlien    |
| Distriktsrådet HV 11                      | Per Devold, Rauma vara: Anne Katrine Jensen | Erlien    |
| 4 H - årsmøtet                            | Audun Skjervøy vara Anne Katrine Jensen     | Erlien    |
| Energi og miljø                           | Birgit Kjerstad                             | Wentzel   |
| Korn og kraftfôr talsperson               | Hans Frafjord / Janne Mork – fagperson      | Wentzel   |
| Sau og geit talsperson                    | Petter Melchior                             |           |
| Gris                                      | Janne Mork                                  |           |
| Skogbruk og skogpolitikk talsperson       | Gunnar Wentzel                              | Wentzel   |
| Hest                                      | Søren Johan Øveraas                         |           |
| Bioenergi                                 | Anne Katrine Jensen                         |           |
| Utmarksnæring Verdifulle Opplevelser      | Arne Magnus Aasen vara: G. Wentzel          | Frantzen  |
| Kanin fagperson                           | Anne Katrine Jensen                         |           |
| Inn på Tunet                              | Petter Melchior / Birgit Kjerstad           | Frantzen  |
| Storfeprosjekt Sunnmøre og Vest           | Per Kristian Gjerde                         | Wentzel   |
| Mjølkeprosjekt Nordmøre og Romsdal        | Inge Martin Karlsvik                        | Wentzel   |
| Småkraftprosjektet Vestlandet             | Jørgen Holte                                | Wentzel   |
| Det norske måltid                         | Solveig Linge Stakkestad                    | Myrbostad |
| Rekruttering                              | Birgit Kjerstad                             |           |

**35/2010 Referatsaker****1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving****2 Nytt frå lokallaga****3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar**

**28. april Norwegian travel workshop.** Træffhuset Molde. Lokale aktørar stiller med fingermat. Vurdere stand med Bondelaget.

**4. Saker frå Bygdekvinnelaget****5. Saker frå Bygdeungdomslaget****6. Referat skriv og meldingar**

Den norske Matfestivalen i Ålesund har fått innvilga momsfritak, samt refusjon for moms siste 3 år kr 820.000.

**7. Referat frå møter og arrangement**

20. februar: Årsmøte i M&R Bygdeungdomslag, Batnfjordsøra, Gjemnes, Anne Katrine Jensen

5. mars: Surnadal Landbrukskonferanse, Bondelaget, Sparebanken, Anne Katrine Jensen.

5. mars: Landbruksdepartementet høyringsmøte ny stortingsmelding Bergen. Inge Martin Karlsvik

6. mars: M&R 4 H årsmøte Vonheim Malmefjorden. Anne Katrine Jensen.

10. mars: Årsmøte i Øksendal Bondelag – Laget oppretthalde som eige lag med ny leiar. G. Wentzel

11. mars: NB samling rovdyrkontaktar Oslo. Oddvar Tynes.

15. mars: Møte i Molde med Fylkesmannen Lodve Solholm. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel møtte frå Bondelaget. Fylkesmannen inviterte næringslivet til dialogmøte om ”kva forventar næringslivet” av den nye Fylkesmannen?”.

## 8) Arbeids- og møteplan 2010

(Dato ajourført: 11. mars 2010)

**Eigarskiftekurs på Stranda:** Planlagt i mars – utsett pga sjukdom

### **Samarbeidskonferanse med LO – Framlegg frå LO-sekretæren – førebels drøfting**

1 Frå landbruk til industri – kanskje 18.-19. Oktober eller

2 Landbruket og reiselivet – kortseminar Surnadal?

Jan Ove Tryggestad/Espen Schefte.

### **Leiarmøte utvida for lokallagsstyra 12.-13. Nov 2010 – førebels drøfting**

Fredag 12. Nov: Temakurs. 1. For nye styremedlemmer i laga. 2. Bredt landbrukspolitisk kurs for alle. Korleis påverke lokalpolitikken. Landbruksplan. Næringsfond. Jordlova og arealforvaltninga. Kjell Lode. Arne Sandnes. Knut Sjømæling. Juridisk rådgiver FMLA.

Laurdag 13. Nov: Utvida Leiarmøte.

Tem: Korleis handtere spenningsforhold mellom ulike produksjonar og strukturar og om noko raknar.

Tilpassa slik at vi kan nytte det ute i samtale med eigne medlemmer og andre. Pedagogisk innblikk i historia og ulike produksjonar.

Kommunikasjon, alliansebygging og nettverk. Rektor Norges Markedshøyskole.

Omdømmebygging.

Kjedemakt innstillinga.

Innleiarar:

### **Landbrukskonferanse og Årsmøte 11. - 12. Mars 2011 – førebels drøfting**

**Fredag 11. Mars:** Landbrukskonferanse i lag med Fylkesmannen og Landbruk Nordvest

Brosjyre som forklarar den norske landbruksmodellen og samvirke.

Ressursutnyttinga på den einskilde gard – Eystein på Opdøl gard i Sunndal. Spesialisering rett for nokre, men ikkje for alle. Trua på mangfald kan ha blitt borte i tanken om høgt volum og alt arbeidet det fører med seg. Korleis tenkje nytt på kombinasjonsbruket i vid forstand. Kultur for at det berre er dei som driv med mjølk som driv gard.

3-4 innlegg frå ulike gardar. Jens Lien driv stort med kanin.

Vestlandet – frå minus til pluss. Vi skal auke produksjon og bruk i drift. Mulegheitene.

Utfordre FMLA på å utarbeide lysbildesamling frå Møre og Romsdal

Arild Hervik

Bondevelferd ved Flø i Bygdeforsk.

Frå tilskotstilpassing til klimatilpassing. Gras og dyrking. Myr Anders Hovde.

Einar Oterholm, fylket på energi. Bæverfjord. Folden.

Bønder som nyttar ut energi på garden.

Stunt med figuren til Birgit på temaet.

Fingermat til lunsj.

Moods of Norway. Margarets.

Spesielt inviterte: Dei som skal inn i næringa.

Innleiarar : Nils T Bjørke blir førespurd i juni.

### **Laurdag 12. Mars: Årsmøtesaker**

Tema : Innleiarar :

| Dato/Månad        | Tiltak/Arrangement                             | Stad           | Deltakarar/Ansvarlege          |
|-------------------|--|----------------|--------------------------------|
| 14. apr           | Informasjonsaksjonsdag                         | Heile fylket   | Lokallag, styre og sekr        |
| 14.-16. Apr       | FK-veka stand<br>Fredag 16. Anne Katrine       | Molde          | Styre og sekr                  |
| 14. apr           | Miniseminar                                    | Molde          | Ope møte                       |
| 29. april         | Styremøte                                      | Molde          | Fylkesstyret                   |
| Ca 4./5. mai      | Telefonstyremøte kl 20.00 etter statens tilbud | Telefon        | Fylkesstyret                   |
| 10. juni          | Styremøte                                      | Valldal?       | Fylkesstyret                   |
| 23.-24. juni      | Norges Bondelag årsmøte                        | Lillehammer    | Utsendingar                    |
| 22. aug           | <b>Open Gard</b>                               | Rundt i fylket | Lokallaga                      |
| 25.-28.august     | <b>Matfestivalen i Ålesund</b>                 |                |                                |
| 31.8.-1.9.        | Sekretariatskonferanse Norges Bondelag         | Sentralt       | Kontora                        |
| 3.-5. Sept        | <b>Dyregoddagane</b> stand                     | Batnfjorden    | Styre og sekr                  |
| 3. sept           | Miniseminar om samvirke F Sandvig, Erik Berg   | Batnfjorden    | Gjemnes BL og fylkeslag        |
| 24.-25. Sept      | EU-konferanse Nei til EU M&R                   | Molde Seilet   | Interesserte                   |
| 25.-27. Okt       | Skattekurs                                     | Molde Alex     | Rekneskapsførarar samarb.avt.  |
| 12.-13 nov        | <b>Leiarmøte M&amp;R Bondelag</b>              | Molde Alex     | Styra i lokallaga, fylkeslaget |
| 11.-12. Mars 2011 | <b>Årsmøte M&amp;R Bondelag</b>                | Alex Molde     | Årsmøteutsendingar og gjestar  |

Audun ikkje måndagar

### **Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:**

- 24.-25. Mars: Representantskapsmøte i Norges Bondelag, Oslo. Karlsvik og Wentzel.
- 25. mars: Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal. Anne Katrine Jensen møter som utsending.
- 12. april: Møte FMLA og Landbruk Nordvest forbod mot nydyrking myr. Karlsvik og Wentzel.
- 13.-14. april: Allskog Årsmøte. Snåsa. Gunnar Wentzel for Molde Skogeierlag.
- 19. april: Møte med Dyregoddagane. Batnfjordsøra. Karlsvik.
- 21. april: Norges Bondelag samling nye fylkesledere Oslo. Inge Martin Karlsvik.
- 21.-22. April: Norske Felleskjøp årsmøte. Åndalsnes. Gunnar Wentzel på vegne av Norges Bondelag.
- 24. august: Møte med Gjensidige kl. 10-12, heile fylkeskontoret.
- 28.-29. Sept: Gjensidige Vest møte i S&Fj. Karlsvik og Wentzel.

Møtet heva kl 16.45      Gunnar K Wentzel – ref